

# Månadsbrev, November - Reben

November har vore ein månad prega av **kulde** og **snø**, og barnas interesse og fokus i leiken har også dreia seg mykje rundt dette. Tema for månaden har vore natur og barns medvirkning, der vi vaksne har prøvd å fange opp det barna er nysgjerrige rundt interesserer seg for. Her kjem ei lita oppsummering over noko vi har gjort som barna har vere med på å finne på.

## Aking

I uteleiken har barna i fykande fart akt ned bakken utanfor Reben. Både harane og revane har også hatt aketurar utanfor barnehagen. Gjennom aking er det mykje god læring; å vente på tur, ta hensyn og respektere andre, dele akebrett, hjelpe kvarandre opp bakken, vurdere risiko, fart og spenning, motorisk utfordring m.m.



## Snø

Barna har leika mykje i snøen og spørsmålet «kva er det inni snøen?», kom fram frå eit nysgjerrig barnesinn. Dette spørsmålet tok vi fatt i og undra oss over. Vi tok med oss ei bøtte ut for å samle inn snøen, så satte vi den inn for å sjå kva som skjedde. Dagen etterpå hadde snøen smelta til vatn. Vi filtrerte vatnet gjennom eit kaffifilter, og så sat vi igjen med det som var inni snøen. Det var små svarte sandkorn og støv. Vi fann ingen mark denne gongen, men nokre av barna ville uansett ikkje ete meir snø etter denne oppdagingsa.



## Stjerner

Dagane vert kortare og mørkare og barna har blitt meir oppmerksam på stjernene og månen. Vi har laga stjernekikkertar der barna kan sjå ulike stjerner og stjernebilder sjølv om det er dagen. Vi har også gått ut på ettermiddagane det har vore klart vær, og sett om vi får auge på stjerner.

## Bokstavar og tusj

Elles har vi fått nye tusjar som vert flittig bruka innandørs. Vi lærer barna å bruke pinsettgrep for betre kontroll. Barna har blitt meir interessert i tall og bokstavar, og prøvar seg fram på å skrive navnet sitt og gjenkjenne bokstavane i sitt eige navn. Det er fort gjort å tusje gjennom

arka, så barna trenar på å ikkje halde tusjen for lenge på ein plass, men prøve å ha god flyt med tusjen.

## Andre utviklingsområder i kvardagen

Vi jobbar mykje med lydnivå, innestemme og springing inne. Det blir fort kaotisk på avdelinga med mange barn, og i det seiste har vi brukt mykje tid på at vi brukar innestemme når vi er inne, og heller kan rope og hoie når vi kjem ut. Vi prøvar å få barna til å vera i *flytsona* (når barnet går inn i ei eiga leikeboble, og dreg nytte av leiken i form av læring og sosial utvikling) i leiken, men ser ofte at mykje springing i gangen og farting mellom romma kjem i konflikt med dette. Fint om dette kan pratast om med barna også på heimebane.

Vi jobbar også med at barna skal mestre oppgåver og utfordringar på eiga hand, for eksempel kle på og av seg sjølv, smøre på og dele brødkiva i to, hente leiker eller ting på eiga hand. Vi prøver å ikkje hjelpe barna med den minste ting, men få dei til å i alle fall prøve sjølv først. Dette vil styrke barnas mestringsfølelse og sjølvfølelse og ved gjentaking, vil vi sjå barn som betre kan ta vare på seg sjølv og finne ut av ting når dei møter motgang og utfordringar.

Adventsførebuingar er i full gang, og vi gler oss til ei hyggeleg adventstid.

Vennleg helsing Sandra, Tove, Veronica, Signe, Marit og Bjørn Olav

